



BARNEOMBODET

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

Vår ref:
18/01229-2

Saksbehandlar:
Morten Hendis

Dato:
9. desember 2018

Svar på høyring om fritaksordning i framandspråk for elevar med spesifikke lærevanskar

Barneombodet vil takke for invitasjonen til å svare på denne høyringa. Vi sender inn svaret på ønska elektronisk måte i tillegg til dette dokumentet.

Innleiing

Barneombodet er glad for at det no vert ei varig løysing på situasjonen til elevar med spesifikke lærevanskar, og moglegheita deira til å få vitnemål frå vidaregåande opplæring. Saka i Likestillings- og diskrimineringsnemnda i 2016 avklara situasjonen for mange elevar som gjennom mange år har blitt stengt ute frå vidare studiar, fordi dei ikkje har hatt gyldige vitnemål. Det er positivt at høyringa legg opp til å kunne inkludere fleire elevar med spesifikke lærevanskar i ordninga i fleire fag enn framandspråk. Vi er også glade for at departementet og direktoratet opnar for å vurdere om elevar som er ferdige med framandspråk (unnateke engelsk) på ungdomsskolen, kan sleppe dette i vidaregåande skule (forslag C), sjølv om kriteriet for å bli fritaken skal være strengt.

Barneombodet forstår at departementet ikkje ynskjer at statusen til vitnemål i vidaregåande opplæring vert undergraven. Vi meiner også at det er viktig å ha strenge vilkår for fritak frå vurdering, og spesielt for fritak frå opplæring. Men vi kan ikkje sjå korleis eit strengt regelverk for fritak for ei avgrensa gruppe elevar kan bidra til å svekke statusen til framandspråk som fag. Dette er elevar som gjennom mange år har vorte stengt ute frå å ta høgare utdanning. Ei ordning som gir desse elevane vitnemål, vil tilføre samfunnet viktige ressursar etter at dei har fullført høgare utdanning.

Barneombodet har nokre kritiske merknadar til vilkåra for fritak, og vi kjem tilbake til dette under dei ulike alternativa som er til høyring. Vi meiner at ordninga som trer i kraft, må ta særleg omsyn til det nemnda seier. Nemnda legg vekt på at dei som skal ha fritak skal få likeverdige moglegheiter til utdanning på trass av dei spesifikke lærevanskane sine, altså eit vitnemål frå vidaregåande opplæring. Difor må ein leggje større vekt på kva som er til det beste for eleven når ein utformar vilkåra for fritak. Ein må også leggje større vekt på kva som er ei uforholdsmessig byrde for elevane, enn kva som er vanskeleg for systema som skal handtere ordninga, eller kva som kan svekke statusen til faget. Vi meiner det ikkje er eit argument mot å gje elevane fleire moglegheiter for fritak, at høgskular og universitet framleis vil ha eigne krav til inntak. Dette er elevar som utan fritak ikkje kjem inn på korkje høgskule eller universitet i dag.

Fritak og vilkår for fritak

Postadresse:
Postboks 8889 Youngstorget
0028 OSLO
Tlf 22 99 39 50

Besøksadresse:
Karl Johansgate 7
0154 OSLO
Inngang frå Dronningens gate

E-post:
post@barneombudet.no
www.barneombudet.no
Org.nr.: 971 527 765

Barneombodet er einig med departementet i at vilkåra for fritak skal være strenge. Etter vår meining er drøftinga i kapittel 4.3. om fritak frå opplæring i faget eller berre frå vurdering med karakter, likevel ikkje utfyllande. Departementet viser til at det er ikkje er forskning som syner at elevar mister motivasjon for å delta i faget når dei er fritekne frå vurdering. Mykje tyder på at det er riktig at det er vanskeleg å finne slik forskning, men det er likevel ikkje vanskeleg å sjå at dette kan vere tilfelle. Argumentet om manglande forskning kan også nyttast på det departementet skriv om verdien av å delta i opplæringa; «*kompetansen som oppnås gjennom opplæring vil alltid være verdifull*». Barneombodet har heller ikkje funnet forskning som støttar dette.

Det beste for eleven

I tråd med det vi skriv i innleiinga, ynskjer Barneombodet eit regelverk som tar omsyn til det beste for den enkelte eleven. Vi er klar over at dette ikkje alltid er enkelt å vurdere før eleven startar i vidaregåande opplæring. Vi meiner også at det skal vere svært tunge grunnar for å fritta ein elev frå opplæringa i eit fag. Til dømes kan ein elev med spesifikke lærevanskar i matematikk ikkje utan vidare bli friteken frå opplæringa i matematikk i vidaregåande skule, sjølv om han vert friteken frå vurdering i faget. Matematikk er eit fag der element i faget kan vere svært nyttig for eleven seinare i livet, sjølv om han ikkje meistrar kompetansemåla og får vitnemål utan vurdering i faget. Eit fritak frå opplæring må alltid vurderast grundigare enn eit fritak frå vurdering. Barneombodet ynskjer likevel ikkje å stenge for å kunne få fritak frå opplæring. Dette er nødvendig når dei spesifikke lærevanskane i svært stor grad påverkar eleven si moglegheit til å meistre faget, og når det å delta i opplæringa må seiast å vere ei uforholdsmessig byrde for eleven.

Vilkåret om vedtak om spesialundervisning

Barneombodet er generelt bekymra for at eitt av dei føreslegne vilkåra for fritak er at eleven har vedtak om spesialundervisning. Kravet om at eleven har spesifikke lærevanskar er sjølv sagt. Det same gjeld kravet om ei grundig sakkunnig utgreiing som gjer greie for dei spesifikke lærevanskane til eleven, og som beskriv dei konkrete konsekvensane vanskane har for eleven i faget. Ei sakkunnig utgreiing må også innehalde ei grundig vurdering av kva som er det beste for eleven. I ei slik grundig vurdering kan ein også stille krav til at fritak for vurdering skal vere det primære grunnlaget for vurderinga, og at eit fritak for opplæringa må grunngjevast særskilt.

Barneombodet meiner det ikkje kan vere eit vilkår at eleven har spesialundervisning, sjølv om eleven har svært omfattande lærevanskar. Slik situasjonen er i vidaregåande opplæring i Noreg i dag, er dette eit heilt urimeleg vilkår. Vi er kjent med at fleire elevar i vidaregåande opplæring har ei sakkunnig vurdering som skildrar spesifikke lærevanskar som i stor grad påverkar eleven sin moglegheit for å nå kompetansemåla i faget. Likevel har elevane ikkje vedtak om spesialundervisning. Erfaring frå praksis syner at spesialundervisning kan vere konklusjonen på ei sakkunnig vurdering av eleven sin rett, men at skular lokalt finn løysingar som dei meiner dekkjer behova til eleven. Barneombodet meiner eit vilkår om at eleven har spesialundervisning i seg sjølv kan vere diskriminerande, slik vidaregåande skule fungerer i praksis i dag. Det er store variasjonar mellom skulane.

Forslag A

Barneombodet meiner at både forslag A1 og A2 ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til at nokre elevar vil måtte ha fritak frå opplæring i faget for at dei ikkje skal få ei uforholdsmessig byrde, og få likeverdige moglegheiter til å gjennomføre utdanninga.

Forslag B

Barneombodet støttar forslaget om at eit nytt regelverk må ta omsyn til at også elevar med spesifikke vanskar i matematikk kan få fritak i matematikk.

Forslag C

Barneombodet støttar forslaga i C, men vi ynskjer å opne for ei moglegheit for fritak for opplæringa, også sjølv om eleven ikkje har hatt framandspråk på ungdomstrinnet. Vi meiner at nokre av elevane som startar med framandspråk på vidaregåande skule må kunne få fritak frå opplæringa, etter til dømes eitt år med forsøk på framandspråk. Igjen vil vi understreke at dette ikkje skal takast lett på, og at det må gjerast ei grundig sakkunnig utgreiing av vanskane og situasjonen til eleven. Det må også gjerast greie for at det å gjennomføre opplæringa i framandspråk i vg2 vil vere ei uforholdsmessig byrde for eleven, og vil kunne gå ut over andre fag. Barneombodet støtter også forslaget om at vedtak kan fattast allereie på ungdomstrinnet om opplæring berre i framandspråk nivå 1.

Oppsummering av Barneombodets mening om forslag A, B og C.

Barneombodet meiner at departementet må lage reglar som tek vurderinga i nemnda på alvor. Vi meiner at å måtte velje mellom dei tre forslaga ikkje er i tråd med vurderingane i nemnda. Ein må kombinere dei tre forslaga for å sikre at det blir gjort forsvarlege utgreiingar av den einskilde eleven, der ein gjer det mogleg med ulike formar for fritak. Dette vil vere å opne for fritak frå matematikk for elevar med spesifikke lærevanskar i matematikk. Vidare bør ein opne for fritak frå vurdering med karakter, vurdering berre i munnleg eller skriftleg, moglegheit for berre å velje framandspråk I og i særlege tilfelle fritak for opplæring i framandspråk. Det siste skal vere særskilt vurdert og ha strenge krav til fritak.

Forvaltningsnivå og klage

Barneombodet ynskjer at departementet fastsett fylkesmannen som klageinstans og går bort frå ein fylkeskommunal klagenemnd.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Morten Hendis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.